

**Knarvik ungdomsskule**

Besøksadresse: Juvikstolen 17, 5914 Istdalstø

Telefon: 56 37 50 52

E-post :

[knarvik.ungdomsskule@lindas.kommune.no](mailto:knarvik.ungdomsskule@lindas.kommune.no)Heimeside: <http://www.minskole.no/knarvik>

01.12.2014

Rådmannen i Lindås  
Einingsleiar eigedom

**Vedkomande inneklima ved Knarvik ungdomsskule.**

Heilt sidan skulen vart utbygd har elevane ved skulen klaga over at det er ei ubehageleg lukt spesielt i 1. etasje. Denne lukta er sterke måndagsmorgen, då ventilasjonsanlegget ikkje er i drift i helga. De er utført både luftmålingar og fuktmålingar i betongen i golvet.

Skolemiljøutvalet er uroleg over at den plagsame lukta ikkje forsvinn. Rektor fortel at han har teke saka opp i vernerundar dei siste åra. Vi ber om at det vert sett på saka og gjort tiltak for at dette skal bli betre.

Ein annan ting som må ordnast opp i er ventilasjonen på auditorium Midtgard. Rektor fortel at der er ein ventil som skal regulere luft inn og ut av rommet som ikkje verkar. Rektor seier han har sendt fleire meldingar til eigedom om dette utan at det har vorte følgd opp.

Elevar og tilsette har i ei årrekke bedt om støyreduserande tiltak i musikkrom, fellesgang for 10. trinn og i det store atrium.

Vi ber om at det vert gjort tiltak slik at vi kan vere trygg på at inneklimaet på skulen er godt og tilfredsstiller alle krav i forhold til helse, miljø og tryggleik.

Helsing

Marie Nygård

Leiar skolemiljøutvalet.

|                |              |
|----------------|--------------|
| LINDÅS KOMMUNE |              |
| Klassering     |              |
| 3 - 12. 2014   |              |
| Ark. saksnr.   | Løpenr.      |
| 14/7752        |              |
| Saksnr.        | Tilgangskode |

